

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 10.05.2016**

**Kjell Håland (A)** sette på vegner av A, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Fylkesrådmannens forslag til innstilling med unntak av punkt 3 og 4 vert vedteke.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag med Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet meiner at samarbeidsregionane framleis skal nyttast som eit verktøy i det internasjonale arbeidet i Hordaland fylkeskommune. Kontakten skal haldast ved like både på politisk og administrativt nivå.
2. Dagens samarbeidsregionar skal vidareførast, men Skottland v/Edinburgh og Orknøyene og Normandie skal prioriterast. Her skal Hordaland fylkeskommune ha ei offensiv rolle i høve til å initiere nye samarbeidsaktivitetar. I dei andre samarbeidsregionane skal ein primært vidareføre eksisterande aktivitetar som har gitt resultat, til dømes hordalandsklassane (vg2 i utlandet).
3. Fylkesutvalet stiller seg positiv til å inngå ein ny samarbeidsavtale med den nye regionen Normandie med vekt på kultur- og utdanningssamarbeid. Tema utover dette må vurderast ut frå felles interesser og behov i dei to regionane.
4. Behov for nye samarbeidsregionar må grunngjevast i eit potensiale for å nå vedtekne fylkeskommunale mål og strategiar.